

Overgangen barnetrinn – ungdomstrinn Suldal kommune

Samordning av rutinar, planar og fag

Mai 2011

Innhald

1. Mål.....	4
2. Avslutning av barneskulen	4
3. Bli kjende med kvarandre og trygg på ny skule.....	4
a. Leirskule på Gullingen 7. klasse.....	4
b. Mai-møte Sand	4
c. Juni-møte Sand	4
4. Klassar.....	4
5. Fag, fagplanar, tema.....	5
a. Læreverk.....	5
b. Fagplanar	5
c. Framandspråk/ Språkleg fordjuping.....	5
d. Fagtema.....	6
6. Vurderingspraksis.....	6
7. Spesialundervisning.....	6
8. Elevmiljø	7
a. Program mot mobbing	7
9. Oppstarten av skuleåret Sand skule.....	8
10. Aktivitetar gjennom året	8
a. Julefest.....	8
b. Nyttårsball	9
c. 17. mai.....	9
d. Avslutningsfest 10. klasse.....	9
e. Ungdomsskulefest	9
f. Avslutningstur/faglege ekskursjonar.....	9
g. Skulegudsteneste	10
11. Medverknad	11
a. Val av FAU.....	11

b.	Val av elevråd	11
c.	Val av kommunalt FAU	11
12.	Reglar og rutinar.....	11
a.	Ordensreglar.....	11
b.	Skyss	12
c.	Elevdata.....	12
d.	Utstyr.....	12
e.	Digital læringsplattform	12

UTKAST

1. Mål

Målet med denne rutinen er

- Å leggje grunnlag for eit godt elevmiljø
- Å skape ein trygg overgang for alle elevane
- Å sikre at alle elevane får eit positivt møte med ungdomsskulen

2. Avslutning av barneskulen

Kvar skule i kommunen har markering/seremoni ved avslutninga av 7. klasse for seg, med lokalt program.

3. Bli kjende med kvarandre og trygg på ny skule

a. Leirskule på Gullingen 7. klasse

Alle elevane frå kommunen (unntatt Vanvik) reisar samla på leirskule til Gullingen.

Vanvik skule reisar saman med Sauda kommune.

Elevane reisar saman med sine lærarar frå barnetrinnet.

Kven som skal vere kontaktlærarar for kommande 8. klassar er ikkje klar til leirskuleopphaldet.

b. Mai-møte Sand

Administrasjonen på Sand skule besøker i løpet av april-mai 7. klasse på Erfjord, Jelsa, Marvik og Vinjar skule.

To elevar frå ungdomsskulen på Sand er med.

Elevane får informasjon om overgangen, nye fag, val av framandspråk/fordjuping mm.

Elevane får med seg eit velkomstbrev og eit infoskriv om val av framandspråk/fordjuping heim.

c. Juni-møte Sand

Sand skule /FAU Sand (utr) inviterer alle elevar som skal gå i 8. klasse på Sand skule om hausten og deira føresette til treff på Sand skule tidleg i juni.

Elevar og føresette får møte kontaktlærarane og informasjon om klasseinndelinga, omvisning på skulen og diverse informasjon.

Suldal Billag/Tide blir invitert til å komme og informere om skyss

4. Klassar

Administrasjonen på Sand skule utarbeidar saman med lærarane som kjenner elevane best (frå barnetrinnet) dei nye klassane. Klassane blir etablert ut frå lærarane sin kjennskap til elevane og

kva dei meiner er pedagogisk best samansetning. Ein tek så langt råd omsyn til at ingen skal kjenne seg aleine, og ein tek også omsyn til spesialundervisning.

Samansetninga av klassane blir offentleggjort for elevar og føresette på juni-møtet.

Klasselistene bør ikkje leggjast ut på skulane sine nettsider, men kan gis ut til føresette på papir, eventuelt sendast på e-post viss dei ber om det.

5. Fag, fagplanar, tema

a. Læreverk

Alle barneskulane og ungdomsskulane må bruke dei same læreverka.

	Norsk	Matem	Eng	Nat	Samf	RLE	M&H	K&H	
4.									
5.									
6.									
7.									
8.									
9.									
10.									

b. Fagplanar

Alle barneskulane må organisere seg slik at elevane i 7. klasse kan nå måla i fagplanane.

Forventningar til kva elevane skal kunne/meistre frå 7. klasse bør takast opp.

Døme: Det blir forventa at elevane skal kunne skrive lengre tekstar i norsk og engelsk.

c. Framandspråk/ Språkleg fordjuping

Forskrift til Opplæringslova:

§ 1-8. *Opplæring i framandspråk og språkleg fordjuping i grunnskolen (utdrag)*

Elevane på ungdomstrinnet i grunnskolen skal i tillegg til opplæring i engelsk ha opplæring i eit framandspråk til eller språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk. Når ein elev har valt anten framandspråk eller språkleg fordjuping, skal eleven normalt ha faget på heile ungdomstrinnet. Når opplæring i framandspråk og språkleg fordjuping tek til, kan elevane i første halvåret gjere omval i samråd med skolen. Når

det ligg føre særlege grunnar, kan skoleeigaren godkjenne overgang på eit seinare tidspunkt.

Elevane som skal gå på Sand får informasjon om dette på mai-møtet, og ein ”loddar stemninga”. Elevane får med seg informasjon heim og skjema for å velja.

d. Fagtema

Dette gjeld spesielle faglege tema som går på tvers av barnetrinn og ungdomstrinn, der det bør vere samanheng mellom det elevane har på barnetrinnet og på ungdomstrinnet.

Rusførebygging

Barnetrinn: Kompetansemål i naturfag og samfunnsfag 5.-7. kl.

Ungdomstrinn: Kompetansemål i naturfag og samfunnsfag 8.-10. kl.

Røyking: FRI ??? www.fristed.no

Rus: Unge og rus. www.ungeogrus.no 8. og 9. klasse.

Psykisk helse

Barnetrinn: ”Zippys venner” i småskulen.

Ungdomstrinn: Undervisningsopplegget ”Alle har en psykisk helse”.

(www.psykiskhelseiskolen.no)

Kurs? Sosillærarane?

Nettvett

Barnetrinn: ?

Ungdomstrinn: ?

6. Vurderingspraksis

Korleis samkøyre praksis rundt på skulane slik at elevane er realitetsorienterte når dei kjem på ungdomsskulen, og at det ikkje blir eit sjokk å få karakterar?

Blir arbeidd med i prosjektet ”Tett på”.

7. Spesialundervisning

Det er særleg viktig å samkøyre rutinane for dei elevane som skal til Sand skule.

Merk:

Alle elevar som allereie har spesialundervisning, og som skal i ungdomsskulen bør få ny sakkunnig vurdering i 7. klasse.

Barneskulen ber om sakkunnig vurdering.

Sand skule gjer vedtak og skriv IOP.

Det er heilt nødvendig med eit tett samarbeid mellom Sand skule og avgivarskulen.

1. Kvar barneskule drøftar i løpet av hausthalvåret kva elevar som dei meiner treng spesialundervisning.
2. Dersom barneskulen meiner det er trong for spesialundervisning, sender rektor på barneskulen førespurnad til PP-tenesta om sakkunnig vurdering med kopi til rektor på Sand skule. Hugs å informere foreldre (og eleven).

Frist 1. februar

3. PP-tenesta utarbeidar sakkunnig vurdering som dei sender til rektor på Sand skule.

Frist 10. mars

4. Sand skule ser på organiseringa av spesialundervisninga og tek opp med oppvekstsjefen behov for ressursar til spesialundervisning og assistent. Leiar av spes.ped. team og PP-tenesta bør vere med.
5. Sand skule følgjer rutinane for forvaltningslova og sender den sakkunnige vurderinga til føresette. Sand skule gjer vedtak for alle som har sakkunnig vurdering.

Frist 15. april

6. Spes.ped. team på Sand skule lagar i samarbeid med avgivarskule, foreldra og eleven, IOP og planlegg undervisninga for hausten neste skuleår. PP-tenesta er med der det er nødvendig. **PPT arrangerer "IOP-dag" der dei som kjenner elevane frå barnetrinnet er med, i tillegg til lærarar og leiinga frå Sand skule og PPT-personale.**

Frist ?

Sjå også rutine for tilpassa opplæring og spesialundervisning der oppmelding av nye elevar er omtalt.

8. Elevmiljø

a. Program mot mobbing

Erfjord skule: Olweus (tilpassa utgåve)

Jelsa skule: Zero

Marvik skule: Zero

Nesflaten skule: Zero

Sand skule barnetrinn: Zero

Sand skule ungdomstrinn: Zero

Vanvik skule: ?

Vinjar skule: ?

Skulane sine ordensreglar må også inkludere skuleskyssen.

Elevundersøkinga og andre kartleggingsundersøkingar av elevmiljø?

9. Oppstarten av skuleåret Sand skule

Det er viktig å inkludere dei nye 8.-klassingane i ungdomsskulemiljøet.

Opplegg første dagen:

Første dagen
Morgonsamling
Klassane har opplegg kvar for seg. Utlevering av informasjonshefte til alle elevar på skulen.
Matpause
Aktivitatar for å bli kjende

Presentasjon av administrasjon, sosiallærer og rådgjevar for dei nye 8. klassane.

Dei fire (?) første vekene er det viktig at kvar av dei nye 8. klassane særleg arbeider med ordensreglane korleis ein vil ha det på skulen. (Bør repeterast for 9. og 10. klasse også?)

Det bør mellom anna leggjast vekt på:

- Møte presis
- Orden og bruk av rom (klasserom, fellesareal, amfi, kantine, bibliotek mm)
- Oppførsel
- Læringsmiljø (kva med bruk av mobiltlf, musikk, sosiale medier osv?)

10. Aktivitatar gjennom året

a. Julefest

Julefesten er for barnetrinnet, og er ikkje lenger obligatorisk for ungdomstrinnet. Elevane i ungdomsskulen blir invitert til julefest på sine grendeskular som gjester.

Det blir lagt til rette for at elevane i ungdomsskulen kan ha framsyningskveldar klassevis.

b. Nyttårsball

Ungdomsskulen arrangerer nyttårsball.

2011: Nesflaten

2012:

2013:

2014:

c. 17. mai

Det blir ikkje lagt opp til felles feiring for ungdomsskulen på Sand. Elevane feirar dagen i den grenda der dei bur.

d. Avslutningsfest 10. klasse

Avslutninga av 10. klasse på Sand blir ein høgtideleg seremoni i kulturhuset med utdeling av vitnemål.

Hugs å bestille kulturhuset og invitere ordførar og oppvekstsjef.

Avslutninga av 10. klasse på Nesflaten blir arrangert lokalt.

e. Ungdomsskulefest

Arrangement kvart 3. år. Første gang i 2011/12.

Elevane på ungdomstrinnet på Nesflaten skule blir også invitert.

Det er bare personalet på ungdomsskulen som deltek.

f. Avslutningstur/faglege ekskursjonar

Ein avslutningstur der det sosiale mellom elevane er i fokus, blir ikkje arrangert av skulen.

Ein eventuell avslutningstur må arrangerast av foreldra. For at ein slik tur ikkje skal reknast for å vere i skulen sin regi, må bl.a. følgjande krav vere oppfylt:

- Turen er ikkje ein del av opplæringa, og ligg ikkje inne i skulen sin årsplan.
- Turen blir gjennomført på fridagar. (Skulen kan ikkje gi kollektivt fri til ei gruppe elevar).
- Skuleeigar er ikkje ansvarleg dersom det oppstår uhell på turen.
- Skulen sitt ordensreglement gjeld ikkje.
- Eventuell lærar som er med på turen mottek ikkje lønn.

Utdanningsdirektoratet har utdjupa dette (sjå http://www.udir.no/Brev/_lover-og-regler/_tokningsuttalelser/tolkningsuttalelser/Gratisprinsippet-i-grunnskolen/):

Dette vil ikkje vere til hinder for at klassen kan reise på faglege ekskursjonar finansiert med eksterne midlar (Comenius, Nordisk Råd etc). Ein slik tur vil vere ein del av opplæringa, ha eit fagleg opplegg og liggje inne i skulen sin årsplan. Skulen sine ordensreglar vil gjelde, og skulen har ansvar for elevane. Ein slik ekskursjon skal gjennomførast på ein slik måte at alle elevane kan vere med.

Gratisprinsippet og kommunalt vedtak må følgjast.

§ 2-15. Rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring

Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskoleopplæringa.

Lokalt vedtak (Levekårsutvalet 9. mars 2004, saksnr 004/04) presiserer m.a. at:

- skulen må ha egne retningslinjer for ansvar og tryggleik
- gratisprinsippet skal følgjast
- alle elevar skal kunne vere med
- Turar til utlandet skal godkjennast av samarbeidsutvalet ved skulen
- ved overnatting skal dei føresette gi skriftleg samtykke og det skal då vere med leiarar av begge kjønn
- ved meir krevjande turar skal det vere med ein vaksen pr. 10 elevar, men alltid minst to leiarar der den eine er lærar

g. Skulegudsteneste

Utdanningsdirektoratet peikar på viktige føresetnader for gjennomføring av skulegudstenester:

- at det skjer som ei realisering av generell del i læreplanen, ikkje som gjennomføring av kompetansemål i læreplanane for fag
- at det skjer i samarbeid og forståing med heimane
- at det er enkelt for heimane å forstå kva dei eventuelt skal be seg fritekne for
- at det blir gitt informasjon i så god tid at heim som ønskjer det, med rimeleg frist kan melde om fritak
- at skolen har sørga for ikkje-diskriminerande fritaksordningar eller alternativ for dei som melder fritak
- at heimen ikkje må gi ut informasjon om detaljar i eiga tru

Direktoratet skriv også at ei skulegudsteneste ikkje bør givast karakter av semesteravslutning sidan ei slik avslutning skal vere samlande for alle elevane på skolen.

Gudsteneste:

Erfjord skule

Jelsa skule

Marvik skule
Nesflaten skule
Sand skule barnetrinn: fastetida
Sand skule ungdomstrinn: fastetida (ikkje samstundes med barnetrinnet)
Vanvik skule
Vinjar skule

Alternativt opplegg:

Erfjord skule:
Jelsa skule:
Marvik skule:
Nesflaten skule:
Sand skule: kulturhuset, tema solidaritetsarbeid
Vanvik skule:
Vinjar skule:

11. Medverknad

a. Val av FAU

Sand skule vel eitt FAU for barnetrinn og eitt for ungdomstrinnet.

Val av FAU ungdomstrinn: Kvar klasse sendar med elevane heim lister med namn på føresette, der kvar føresett kryssar av ei kvinne og ein mann og sender tilbake til skulen. Den kvinne og mann som har fått flest stemmer blir klassekontaktar, dvs to frå kvar klasse.

Klassekontaktane for alle klassane utgjer til saman FAU ungdomsskulen, dvs 12 personar.

b. Val av elevråd

Sand skule har eitt elevråd for barnetrinnet (inkl. 4. klasse) og eitt for ungdomstrinnet.

c. Val av kommunalt FAU

12. Reglar og rutinar

a. Ordensreglar

Ordensreglar barneskulane: barneskulane har kvar sine ordensreglar.

Ordensreglar ungdomsskulen: Sand skule har egne ordensreglar.

b. Skyss

Oppvekstkontoret samlar inn nødvendige opplysningar og har kontakt med Suldal Billag, Tide og Kolumbus om ordinær skuleskyss.

Suldal Billag / Tide blir invitert til å vere med på junimøtet og informere om skyssen til føresette og elevar.

c. Elevdata

Barneskulen har ansvar for å levere elevmapper til Sand skule innan oppstarten av skuleåret. Mappene bør innehalde *aktuelle* kartleggingsdata (sol og kartleggingsprøvar).

Digital SOL: Nye klassar blir oppretta i digital SOL for Sand skule.

d. Utstyr

Elevar på barnetrinnet lånar utstyr og leverer tilbake til skulen når dei går ut 7. klasse.

Elevane i ungdomsskulen får nytt utstyr i 8. klasse: kalkulatorar, passar, linjal, gradskive. Dette er meint å vare i heile ungdomsskulen. Elevane *kan* måtte erstatte utstyret viss det blir øydelagt.

Elevane i 8. klasse får utlevert bærbar PC når dei startar på Sand skule.

10. klasse leverar inn sine PC-ar til skulen. Skulen sytar for å levere dei til IT-avdelinga som klargjer PC-ane til bruk for nye elevar. Skulen meldar inn til IT-avdelinga innan påske kor mange PC-ar dei treng til 8. klasse kommande skuleår.

e. Digital læringsplattform

Alle skulane brukar It's learning. Barneskulane bør ha tatt dette i bruk for elevane før dei går ut av 7. klasse, slik at elevane er fortrulege med det.

Når elevane begynner på ungdomsskulen må Sand skule gi dei tilgang.